



Naturvernforbundet
i Ørsta og Volda

Volda, 23.10 2023

Møre og Romsdal fylkeskommune,
Molde.

Klage på tildeling av akvakulturløyve til matfisk av torsk på lokalitet 45197 Støylen i Volda kommune.

Naturvernforbundet i Ørsta og Volda vil med dette klage på tildelingsvedtaket som Fylkeskommunen si næringsavdeling har gjort 02.10. 2023.

Vi ser vesentlege manglar på tre tema i sakshandsaminga. Dette gjer at løyvet er i strid med *Forskrift om tillatelse til akvakultur av andre arter enn laks, ørret og regnbueørret. §1 og 7.*

Vi krev difor at vedtaket vert gjort om til eit avslag.

1. Det er manglande vektlegging og ignorering av lokal kunnskap og engasjement.

Kommunal handsaming.

Volda kommune formannskapet 22.08.2023, gjorde eit vedtak om at no er det nok torskeoppdrett i Voldsfjorden.

Vedtaket var rett nok gjort i samband med handsaminga av søknaden om ein ny lokalitete på Lokkvi, men den må tolkast som eit “no er det nok”- vedtak før Støylenløyvet kom.

“Volda kommune vil ikkje tilrå tildeling av nye oppdrettskonsesjonar for torsk i Voldsfjorden. Vi har hatt ei stor rømning av oppdretta torsk frå eit anlegg i Voldsfjorden, og har per i dag ikkje oversikt over kva denne rømninga har å seie for økosystema i fjorden. Per i dag fins det ingen dokumentasjon om livet og tilstanden for økosystema i Voldsfjorden. Før ein har betydelig betre kunnskapsgrunnlag om dette, er vi negative til nye konsesjonar”. (Sak 91/23)

At arealet er sett av til akvakultur i planverket tek ikkje vekk ansvaret kommunen har for å forvalte arealet slik dei til ei kvar tid finn det best. Det var avsett til akvakultur i ei tid då torskeoppdrett ikkje lenger var aktuelt. Dei dårlege erfaringane med torsk i merder frå omlag 20 år tilbake gjorde at ingen tenkte på dette som noko som kunne komme igjen. Beslutningsgrunnlaget er eit anna no enn då planen vart vedteken. Kommunen har til ei kvar tid eit ansvar for å forvalte naturressursane etter oppdatert kunnskap og nye utfordringar. Til beste for naturmangfald, berekraftig hausting (fiske), rekreasjon / friluftsliv og bulyst.

Då Volda kommune sende si høyring på Ode sin Støylen- søknad 21.07. 2022, var der ein vesentleg mangel i sakspapira. Kilspollen mangla. Både i kartgrunnlaget, straummålingane og i utgreiingane av mogleg

uønska interaksjon med villfisken. Her er ein påviseleg feil i sakshandsaminga.

Lokal kunnskap.

Naturmangfaldsloven §8 peikar på at at erfaringsbasert kunnskap skal leggast vekt på som ein del av kunnskapsgrunnlaget;

“Myndighetene skal videre legge vekt på kunnskap som er basert på generasjoners erfaringer gjennom bruk av og samspill med naturen”,

Frå vegleiaren til lova (KLD 2016) siterer vi:

“ Det kan for eksempel være lokal kunnskap om naturmangfoldet i en fjord, etablert ved generasjoners observasjoner og bruk av fjorden. Det kan dreie seg om kunnskap om arters tilholdssted, gyteplasser, vandringer, adferd, hvordan arten virker sammen med andre arter og hvordan de påvirkes av vær og klima. Slik kunnskap kan blant annet være relevant når man vurderer etablering av oppdrettsanlegg i en fjord.”

Vi kan ikkje sjå at Fylkeskommunen har lagt vekt på lokal informasjon om det rike artsmangfaldet og det tradisjonelle fisket i influensområdet til Ode sitt planlagde anlegg på Støylen.

2. Mangelfull kartlegging og konsekvensutgreiing.

Med Ode sin søknad om oppdrett på Støylen følgde ei pålagd kartlegging av dei biologiske og hydrologiske tilhøva på omsøkt areal. Når vi ser at heile Kilspollen var falt ut av kartet, og at nøkkelartar som ålegrasengar var utelatt, då vert vi skeptiske til kvaliteten på heile kartlegginga. Det vert vist til Artsdatabasen,- der lite er registrert. Det viser berre at ingen har vore der for å registrere.

Konsekvensutgreiing.

Vi krev ei ny kartlegging, og ei konsekvensutgreiing etter *Forskrift om konsekvensutgreiing*, kapittel 3. I §10, der fleire av bokstavgrensingane slår inn.

b) “....*truede arter eller naturtyper*”.

Vi les i vedtaksdokumentet frå Fylkeskommunen at det ikkje er registrert samiske interesser som kjem i konflikt med tiltaket. Heller ikkje vil det få konsekvens for dei registrerte artane nordflaggermus og sidensvans. Dette er jo såre vel, og heilt rett gjort etter ei handsaming som nyttar ein metodikk som vi kjenner frå kartlegging av fastlandsdareal. Men når kartlegginga av influensområdet for det omsøkte tiltaket stoppar opp fordi HI ikkje har båt som kjem seg inn under brua mot Kilspollen,- då manglar jo eitkvart grunnlag for å utelate konsekvensutgreiing etter bokstav b) i forskrifta.

f) “.....*konsekvenser for befolkningens helse*”

Helse er (etter offentleg definisjon) meir enn fråver av sjukdom. Det er trivsel, livslyst, bulyst og velvære. Fritidsfiske frå land eller båt, med kastestong, garn eller line er ein av grunnane til at folk bur og trivst langs Voldsfjorden, Austefjorden og på Kile. Vi viser til fråsegn frå naboar og grendalag. Det er massiv motstand frå ellers sindige fjordafolk som ser mørkt på å få Ode sitt anlegg som ny nabo.

g) “....*vesentlig forurensing*”

Om genetisk forureining, parring mellom villfisk og rømt oppdrettsfisk / sperma etter gyting i merd, er forureining som høyrer inn under akvakulturloven eller forureiningsloven; - Om dette ligg under Statsforvaltaren eller Fylkeskommunen sitt ansvar er usikkert for oss. Vi ser det i alle fall som ein vesentleg fare for forureining av fjordsystemet, og difor relevant som kriterium under dette bokstavpunktet. Slik og med all anna negativ påvirkning på sjøbotnen frå fôrrestar og ekskrement.

Ny kartlegging.

Ei ny kartlegging må skje etter metodikken i M.Dir Handbok 19, “Kartlegging av marint biologisk mangfald”. Både marine naturtypar og artar må registrerast etter kriteria i 2017- versjonen av handboka og etter vurderingane i den nye raudlista. At den viktige naturtypen “Poller” (s 28 i handboka) vert grundig kartlagt (Kilspollen) er eit heil sentralt krav. Først etter ei slik kartlegging av heile influensområdet, kan ein sjå kva konsekvens eit oppdrettsanlegg vil ha. Og med influensområde meiner vi området der straumane vil transportere fôrrestar, avføring og eventuell spreining av gyting og smitte frå merdene.

Heimel for ei slik kartlegging finn vi i Akvakulturloven §10; *Departementet kan i enkeltvedtak eller forskrift kreve at den som har eller søker om akvakulturtillatelse skal foreta eller bekoste nødvendige miljøundersøkelser for å dokumentere miljøtilstanden innenfor lokalitetens influensområde ved etablering, drift og avvikling av akvakultur. Miljøundersøkelser etter denne bestemmelsen kan blant annet omfatte undersøkelser for å klarlegge om og hvordan akvakulturvirkingsomheten forårsaker, har forårsaket eller kan forårsake påvirkning på miljøet.*

3. Kost - nytte vektinga er næringsstyrt.

Etter akvakulturlova skal lovmynde vege belastninga på natur, miljø og lokalsamfunn opp mot næringa sin vekst og dei godene som fell på samfunnet etter dette.

Usikkerheit og kunnskapshol.

Tildelingsbrevet frå Fylkeskommunen peikar på fleire kunnskapshol og fleire grader av usikkerheit: Frå side 7:

“... det manglar vitskapeleg dokumentasjon på torsken som brukast i oppdrett i dag. Dette gjeld både sjukdom, gyting, overleving av egg og potensiale for genetisk påverknad og konsekvensar av dette. “

“Vår vurdering er at det er sannsynleg at Kilspollen kan vere eit gyteområde for lokal torsk”.

“... etter vår vurdering at det er mindre risiko for at egg gytt i merd ..”

. “Graden av mogleg påverknad på Kilspollen er høg ..”

“Det kan ikkje avvisast at den ordinære drifta av akvakulturanlegg og utslepp av organisk materiale kan påverke gyte- og oppvekstområde for vill torsk, men kunnskapen om dette er mangelfull.”

....”Straumsimuleringar viser høg risiko for kontakt med eit mogleg gytefelt med høg retensjon, Kilspollen. Vi vurderer risiko for påverknad som moderat for dei andre nærliggande gytefelt og som høg for Kilspollen.”

Og meir usikkerheit på neste side;

“...Vurderinga vår inneber usikkerheit då påverknaden vil avhenge av at gytt egg blir befrukta og overlev til yngel. Vår vurdering er at risikoen blir redusert ved at vi sett vilkår om at fisken ikkje skal gyte i merd.”

Og prisverdig anerkjennelse av risiko for rømming:

“Fylkeskommunen anerkjenner at rømt oppdrettstorsk vil utgjere ein risiko og nærliggande gytefelt ligg innafor svømmeavstand frå den omsøkte lokaliteten.”

Og også om usikkerheita omkring endring av vandringsmønsteret til villfisken rundt oppdrettsanlegg:

“Forskinga er ikkje eintydig og det er risiko for at eit oppdrettsanlegg kan påverke vandringsmønsteret til vill gytefisk.” Fylkeskommunen si vurdering er at det er mogleg at eit nytt oppdrettsanlegg for torsk i fjorden kan føre til endring i gytevandringa for vill torsk, men at det ikkje utgjør ein vesentleg risiko for negativ påverknad”.

Desse lausrevne sitata frå vektinga av miljøbelastninga viser at også Fylkeskommunen ser at vi manglar kunnskap om konsekvensane av eit torskeoppdrett på Støylen.

Vår kjelde til kunnskap om torskeoppdrett kjem først og fremst frå Havforskningsinstituttet sin risikorapport for 2022 for området mellom 62°N og 67°N., Lokaliteten ligg i indre fjordområde, område som i følge Havforskningsinstituttet er særst viktige gyteområde for kysttorsk, og der torskeoppdrett kan gjere mest skade.

Med så mykje usikkerheit og så mykje skepsis frå det fremste fagmiljøet i landet er det ikkje til å forstå at §9 i Naturmangfaldslova, føre- var- prinsippet, ikkje vert nytta.

“Når usikkerheten er stor sett i lys av de mulige konsekvenser, kan det også tilsi at søknaden må avslås”, (Inge Lorange Backer, Naturmangfoldloven Kommentarutgave)

Vekting av Ode sine behov.

Tyngre enn omsynet til det marine miljøet har Fylkeskommunen vegg Ode sitt behov for «Å kunne levere torsk til slakt gjennom året vil vere kritisk for søkar. Vi finn derfor at selskapet har eit særleg behov for denne lokaliteten». Dette er legitime bedriftsøkonomiske argument. At kapitalinteressene (North Capital) sit i Belgia gjer miljøbelastninga korkje større eller mindre, men på lang sikt er ikkje dette ei berekraftig

næringsutvikling for lokalsamfunnet. Her har Næringsavdelinga i Berekraftfylket M.&R. veka feil.

“Berekraftfylket Møre og Romsdal er eit initiativ frå Møre og Romsdal fylkeskommunen om ei felles regional satsing på berekraft. Prosjektet skal bidra til eit koordinert og metodisk krafttak for å nå FN's berekraftsmål innan 2030”. (sit. frå M.& R. Fylkeskommune si side). Her vil Naturvernforbundet minne om berekraftsmål nr 14, Livet i havet.

Vi ber om at klagen får oppsettjande verknad.

Med det meiner vi at ingen fisk må setjast ut i fjorden på denne lokaliteten før klagesakene er handsama av overordna mynde. Det samme bad vi om i klagen på Gadus (Ode) sin lokalitet i Alida 25.04. 2022 gjennom Advokatfirmaet Dæhlin Sand AS. Fylkeskommunen svarte 28.04.

“Vår vurdering er at det er rimelig å anta at klagesaken vil bli avgjort innan to år, altså at klagesaken vil bli avgjort innan tiden det tar for en oppdrettstorsk å ev. bli kjønnsmoden. Vi finner det ikke sannsynlig at drift inntil klagen er avgjort vil gi vesentlig og uopprettelig skade på miljøet. Vi legger også til grunn at dersom klagen tas til følge vil tiltaket reverseres. Fylkeskommunen avslår derfor begjæringen om oppsettende virkning”.

Til no har vi ikkje fått svar på klagesaken, trass i fleire purringar, men omlag 80.000 torsk er på rømmen. No er dei nok kjønnsmodne, og kvar og med kven dei praktiserer kjønnslivet sitt veit nok ingen.

Vi gir gjerne greie for klageretten vår om det trengst.

Med helsing frå
Naturvernforbundet i Ørsta og Volda
Knut Festø
Lokallagsleiar.

